

## Referat frå årsmøte i Bergen Internasjonale Folkedansklubb

torsdag 11. februar 2010 kl 21.00 i Storsalen, Fensal, Kong Oscarsgt. 15  
21 medlemmer møtte.

### Dagsorden.

1. Innkalling og sakliste
2. Konstituering
3. Årsmelding 2009 og planar 2010
4. Rekneskap 2009 og budsjett 2010
5. Årsmelding Savoritsa, Aide Igra og koret.
6. Innkomne saker frå medlemene:  
Framlegg til vedtektsendring frå styret.
7. Val

**1.** Leiar Reidun Sviggum ønskte velkomen og spurde om det var innvendingar til innkalling og sakliste. Det var det ikkje.

**2. Konstituering.** Leiar hadde framlegg på Lars Audun Brakestad som møtestyrar. Vald ved akklamasjon  
Livar Aksnes som referent: Akklamasjon  
Teljekorps: Sol Røe og Aud Jorunn Bergsvik. Akklamasjon.  
Møtestyrar tok plass ved dirigentbordet.

**3. Årsmelding 2009 og planar 2010.** Møtestyrar gav ordet til leiar, som las opp årsmelding punkt for punkt. Ingen merknader. Årsmelding godkjend.  
Planar 2010. Ingen kommentarar.

### **4. Rekneskap og budsjett.**

Kasserar Marta Olsen las opp hovudtala i rekneskapen, som viste eit overskot på kr 49.591,53. Men kr 38.591,28 av overskotet stammar frå IFIN-festival og loppemarknad. Dette er arrangement som ikkje var i 2009, men som revisor har sagt skulle inn i rekneskapen. Kasserar hadde desse merknader til rekneskapen. Utgifter til IFIN vart mindre enn budsjettert sidan det ikkje var IFIN-årsmøtet i 2009. Utgifter til husleige vart mindre hausten 2009 på grunn av færre kurs. Instruktørgodgjersle også mindre hausten 2009 på grunn av at A-kurset vart sløyfa.  
Rekneskapen godkjend.  
Budsjett 2010 lagt fram og godkjent.

**5. Årsmelding frå Savoritsa** låg føre i skriftleg form. Ingen kommentarar.  
Inga årsmelding frå Aide Igra, men Gro Helland gjorde greie for aktiviteten. Grappa ligg no i dvale etter 28 års aktivitet. Kva som skjer vidare, er usikkert. Pengane oppbrukte.  
Egil Ertresvåg. Viktig å ha ei oppvissingsgruppe, Kanskje tenkja litt nytt.

Koret: Inga skriftleg årsmelding, men dirigent Aud Jorunn Bergsvik orienterte om arbeidet i 2009 og planane framover. Har det kjekt i lag, nesten 30 medlemmer. Var på tur til Sandefjord i mars. Planar om framsyning på jubileumsfesten i mai.

## **6. Innkomne saker.**

Styret hadde følgjande framlegg til vedtektsendring, § 3, styret: «Klubben skal ha et styre som skal bestå av en leder og 6 andre medlemmer, samt 1 varamedlem. Styret skal bestå av minst 2 av hvert kjønn. Leder velges for ett år, resten av styret for 2 år om gangen, slik at bare 3 styremedlemmer er på valg. Varamedlem velges for ett år».

Styret hadde framlegg om at setningen «Styret skal bestå av minst 2 av hvert kjønn», vert teken ut.

Framlegget samrøystes vedteke.

## **7. Val**

Alle framlegg frå valkomiteen vart vedtekne med akklamasjon.

Leiar:

Grete Hestenes

Styremedlemer:

Marta Olsen: Ikkje på val

Gro Helland: Ikkje på val

Siren Underthun: Ikkje på val

Livar Aksnes; Attval to år

Torunn Blindheim: Ny for to år

Fred Sætveit: Ny for to år

Varamedlem: Sissel Hauge: Attval eitt år

Festkomite

Torunn Fluge: Attval to år

Per Norseth: Ny for to år

Åse Neverdal: Ny for to år

Eva Aakermann: Ny for to år

Turid Sandven: Ikkje på val

Jostein Tveit: Attval eitt år

Aud Jorunn Bergsvik: Attval eitt år

Kåre Nyhus; Attval eitt år

Revisorar

Tom Hovland: Attval to år

Unni Jones: Ikkje på val

Nettsider:

Reidun Sviggum: Attval to år

Teknisk ansvarlege:

Gro Helland: Attval to år

Norulf Sjøseth: Attval to år

Ein repr. frå styret

Kurskomite:

Tone Søreide: Ikkje på val

Eldbjørg Morild: Ikkje på val  
Ein repr. frå styret

PR-gruppe:  
Reidun Sviggum: Attval to år  
Eldbjørg Morild: Ny for to år

Valkomite:  
Marit Alver: Ny for to år  
Bjørn Bergersen: Ny for eitt år

Den nye leiaren, Grete Hestenes, takka for tilliten.  
Årsmøtet slutt.

Referent  
Livar Aksnes  
Bergen  
27.02. 2010